

Årsmelding 2022

Landro sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn

LANDRO SOKNERÅD



**Tove Karin Lyngsmo
Angeltveit**

Soknerådsleiar

Det gror og veks på fleire plan i Landro, og det gler vi oss stort over. I kyrkjehagen veks det buskar, trær og i pallekarmar. På Skaparverkets dag var kyrkjelyden med å planta epletrær, og ein fin gjeng på Ute-torsdagar sørga for at vi hadde ingrediensar både til sommarsalaten og til lapskaus på hausttakkefesten.

Generasjonskveldar med lefsebaking, brettspel og kranselaging samla folk i alle aldrar. Temakveldar, konsertar, basar og korgfest syner at det skjer mykje i kyrkja vår.

Barne-og teenskoret har ei stabil og fin gruppe som gleder oss med flott song på gudstenester og andre arrangement. Landroklubben i haust har vore fylt opp med ein stor gjeng konfirmantar, og er ein god møteplass for dei. Føremiddagstreffa held fram som før, med ny diakon.

På hausten fekk vi diakon knytt til oss. Det har vore ei stor glede og inspirasjon for arbeidet. Seinhausten fekk vi tildelt innovasjonsmidlar til eit diakonalt prosjekt for barn og unge. «God nok» er eit tiltak som setter fokus på barns psykiske helse, og blir eit samarbeid med Landro barneskule og helsesjukepleiar. Det startar opp til våren.

Vi er mange gode medarbeidarar, både tilsette og frivillige, som ønsker at det gode arbeidet i Landro skal fortsette å vekse. Vi står i ein stor samanheng, i ei stor oppgåve som Gud har lagt klar for oss. La oss gå inn i den med stor frimod og takksemd!

Soknerådet

Soknerådet har hatt 7 møter, og handsama 72 saker.

Det har vore saker om liturgisk utstyr, det diakonale arbeidet i soknet og tilsetjing av diakon. Soknerådet ønska at den nye diakonen skulle ha fokus på føremiddagstreff, ungdom, og frivillighet/medarbeidarskap.

Andre saker har vore basaren som ble ein stor suksess våren 2022. Midlane derfrå gjekk til uteområdet og Vekstprosjektet, og det ble innkjøpt frukttrær og bærbusker som no er planta ned. Det har og vore dialog med anleggsgartnerar med tanke på utvikling av uteområdet til ein møteplass både for kyrkjelyden og nærmiljøet. Dette er noko vi arbeider vidare med.

Oppgraderingsutvalet har arbeid fram ei god oversikt over primære og sekundære behov for oppgradering i kyrkja, som soknerådet arbeider vidare med.

Elles har det vore gjennomgåande saker som gudstenesteliste, offerliste, rekneskap og ulike arrangement og aktivitetar.





Landro sokneråd har vore samansett på følgjande måte:

- Bjarte Nese (sokneprest)
- Tove Karin Angeltveit (leiar)
- Kjersti Angeltveit (nestleiar)
- Dag-Olav Bjørøy
- Sven Bech-Sørensen
- Kjersti Berland
- Heidi Ødegård Vik
- Arne Lie (1.vara)
- Hilde Heggholmen (vara)
- Maryam Veisi (vara)
- Helga Ellingsen (vara)

Arbeidsutvalet er samansett av sokneprest, leiar og nestleiar.

I Fellesrådet for Landro sokn sit Dag-Olav Bjørøy.

Misjonskontakt er Alvhild Vassel Eide.

Dag Olav Bjørøy er kontaktperson for Kirkens Nødhjelp.

Soknerådet har eit diakoniutval, eit oppgraderingsutval, komité for temakvelder, arbeidsgruppe for generasjonskvelder, komité for utsmykking og ei basargruppe .

Her er mange tenester ein kan bidra inn i, og vi har plass til fleire frivillige medarbeidarar.



ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Bjarte Nese

Fungerande prost

Året begynte med fleire avlyste gudstenester grunna smittevern. Det var svært strenge restriksjonar på nyåret. Men den 12. feb. vart det opna opp, noko som gjorde at vi kunne ha «ordinære» gudstenester frå 19. februar. Gjennom våren var folk framleis forsiktige. Men etter kvart kom folk

tilbake, og det har vore mange aktivitetar gjennom året.

Slik har 2022 vore eit betre år for kyrkjelyden som fellesskap enn 2021. Kyrkjekaffi og fleire sosiale treffpunkt har komme tilbake i gjenge. Prosjekt Vekst hadde oppstart om vinteren, og til dømes vart Skaparverket sin dag vart markert på gudstenesta den 12. juni, med planting av epletre like etter gudstenesta.

Med unntak av pandemiåra har oppmøte på gudstenester lenge vore rimeleg stabilt i Landro sokn. I 2019 var frammetallet på totalt 64 gudstenester 6317. Av desse var det 45 gudstenester på søndag og helgedagar med eit frammette på 4297. I 2022 vart det arrangert 60 gudstenester med totalt 5373 frammette (dette inkluderar nattverdssamlingar på Kvednaunet). Av desse var 47 på søndagar og helgedagar, med eit frammetotal på 3977. Tala for 2022 og 2019 kan ikkje samanliknast

direkte. Men det fortel likevel at ein ikkje er heilt tilbake til situasjonen før pandemien. Ei endring som påverkar frammetallet, er at barnehage gudstenestene før jul har blitt erstatta med julevandringar.

27 barn vart døypte i kyrkja, 48 ungdommar vart konfirmert, og det var 3 vigslar i 2022. Vidare har det vore 26 gravferder/bisetjingar i kyrkja. (2021: 45 barn vart døypt og 54 ungdommar vart konfirmert.) (2020: 29 døypte og 45 konfirmerte) Det er ein del av medlemmane i soknet som vel å døype barna sine i andre kyrkjer, og blir vigd andre stader enn i Landro kyrkje.


Desse tala visar ein stabilitet omkring oppslutninga av kyrkjeleg handlingar i Landro sokn. Tallet på dåp i 2021 var særleg høgt, og det var difor venteleg at dåpstalet gjekk ned i 2022.

Det er blitt sett i gang nye prosjekt som «Prosjekt Vekst», og «God nok». Det er også blitt tilsett ny diakon. Siste del av året gjekk sokneprest Bjarte Nese inn som fungerande prost i Vesthordland. Det har vore med på å trekke nokon presteressursar ut av kyrkjelyden.


Alt i alt har det vore fint å kunne konsentrere seg om å bygge kyrkjelyd gjennom 2022, og mykje spennande er på gang.

STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



ANTAL DØYPTE



Søylene visar det totale antal gudstenedeltakarar og antal døpte i Landro sokn sidan 2016.



ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

T-dagen og FUNK

Trusopplæringsprogrammet «T-dagen» er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Det betyr mellom anna at der T-dagen vert arrangert i eller ved éi av kyrkjene, er borna og ungdomane i dei to andre sokna også invitert.

FUNK er forkorting for «For Ungdom i Kyrkja», og er namnet på det ungdomsarbeidet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane som samarbeidar om mykje av ungdomsarbeidet: Konfirmantarbeidet, leiarkurset, turar og leiarweekend, Adventfest og Sommarfest.

Også i 2022 har alle døypte og tilhøyrande blitt inviterte til T-dagane, dei fleste gjennom invitasjon i posten, og i tillegg med invitasjonar gjennom facebooksidene til kyrkja og gjennom Kyrkjebladet, kunngjeringane og gjennom SMS:

- T1 DÅP, dåpskurs, dåpen og babysong. For dei aller minste!
- T2 Påske, påskevandring for toåringane, utandørs
- T3 Advent, adventgudsteneste for treåringar
- T4 Kyrkjebok, utdeling av kyrkjeboka til fireåringane. I desember delte frivillige medarbeidarar her i Landro ut kyrkjeboka på dørene og/eller i postkassa til alle dei som ikkje kom til kyrkja på T4!
- T5 Den gode gjetaren, for alle femåringar
- T6 Skulestart, for skulestartarane våre
- T7 Pilgrim, ei vandring for sjuåringar, langs Kyrkjevegen frå Morland til Fjell kyrkje.
- T8 Bøn, for åtteåringane og heile familien deira

- T9 Tårnagent, niåringane på oppdrag i kyrkja
- T10 HalloTweens, 10-åringane på klubbkveld.
- T11 På Sporet, 11-åringar og augevitne frå Jesu tid
- T12 Lys Vaken, overnatting i kyrkja for 12-åringane
- T13 Forsoning, ei påskekveld for 13-åringane
- T14 og T15 er Oppstart og Avslutning i konfirmantåret
- T15 Konfirmantåret 2022: 48 ungdommar (73% av dei døypte/tilhøyrande) frå soknet vart konfirmerte i kyrkja. Det vart fine og høgtidelege konfirmasjonar! Ved Fasteaksjonen i 2022 kom det inn kr. 43.000. Konfirmantlærarteamet i år er Torunn Nateland Utvær, Eivind Kausland Lie og Bjarte Nese. Kari Burke-Romarheim har ansvaret for tilrettelagt konfirmantundervisning dette året.
- T16 LED er leiarkurset vårt, der 5 ungdommar frå Landro kyrkjelyd var med på kurset som vart avslutta i juni 2022, 3 ungdommar frå Landro er med i kurset som starta opp i august 2022.
- T17 og T18 var i 2022 Adventsfesten. Også dei yngre ungdomane i FUNK er inviterte hit. I år vart det ikkje Sommarfest, av ulike grunner.

Babysong har også hatt eit stort oppsving på statistikken i 2022, mykje fordi T-dagen og Open barnehage har starta eit samarbeid om babysongen, slik at vi no saman tilbyr babysong i alle dei tre kyrkjene! I Landro kyrkje er det Open barnehage som har hovudansvaret for babysongen.

Vi er utruleg takksame for alle frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane.





Kontinuerlege tiltak

- Søndagsskule: Me har hatt 4 søndagsskulesamlingar under gudstenestene
- Landroklubben: Har hatt 7 klubbkveldar med i snitt 14 deltakarar. Dei fleste deltakarane er konfirmantar. Sokneråd, sokneteam og ungdomar jobbar saman om utvikling av Landroklubben og leiarkurset LED. Etter initiativ frå soknerådet har vi saman starta ein prosess for å finne ut korleis fellesskapa for ungdomar i kyrkja kan vere aktuelle og relevante for endå fleire ungdomar. Vi vil jobbe fram ein lokal plan for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Samarbeidet med skulane og barnehagane

I adventstida hadde vi 5 adventsgudstenester saman med skulane, både barneskulane og ungdomsskulen kom gåande til samlingane i kyrkja.

Zippy-vandringar på kyrkjegarden: 2 vandringar med til saman 69 elevar i 2.klasse.

3.klassevandringar/Skuledag i kyrkja med tema: "Kyrkja vår": For alle elevane i 3.klassane på Landro og Ågotnes skule (til saman 101 elevar). Kvar skule kjem med 3.klassingane sine til ein heil skuledag i kyrkja på oppdagingsferd etter tradisjonane, ritane, historia og kunsten i lokalkyrkja og lokalkyrkjelyden. På desse dagane er vi heldige og styrker staben: Medarbeidarane i Kyrkjepedagogisk forum bidrar med si pedagogiske erfaring og kompetanse, og gjer at det faglege opplegget rundt "Kyrkja vår" blir styrka. Vaksentettleiken gjev stor tryggleik.

I 2022 vart det ikkje kurs i «Vandring gjennom Bibelen» for femteklassingane i soknet, men dei som går i 5.klasse skal få tilbodet i mai/juni i 2023, altså i slutten av femteklasse i staden for i starten.

Dei to årlege møtepunkta med representantar frå skulane i kommunen, SKU (Skule-Kyrkje-Utvalet), vart gjennomført.

Barnehagane kom til julevandringar i kyrkja, vi gjennomførte 6 vandringar med til saman 213 barn.

I påska hadde vi 4 påskevandringar saman med barnehagane i kyrkje, med til saman 63 barn.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR



ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



Torunn N. Utvær

Diakon

I 2022 fekk Landro tilsett diakon i 50 % stilling. Under teikna vart heldig å få starta i stilling både som diakon og ungdomsarbeidar i kyrkjelyden i august. Hausten vart ei tid for å bli kjend med kyrkjelyden, etablera kontakt med frivillige

og samarbeidspartnarar. Det er etablert eit diakoniutval med diakon og tre frivillige som skal ha første møtet i starten av 2023. Utvalet skal vera med å forma det diakonale arbeidet i Landro og arbeide med ny diakoniplan.

Formiddagstreffa vart gjennomførte i heile 2022. Ein onsdag i månaden møttest 10-15 personar til godt fellesskap, song, mat og åndeleg påfyll. Kollega Eivind Lie er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong. Dei tre frivillige som lagar mat og serverer gjer ein flott innsats.

I august hadde me diakonitur for alle sokn til Institutt for sjelesorg på Modum bad med tilbod om foredrag, sosiale samlingar, turar, tidebøn og aleinetid. Me fekk erfarar at dagane på Modum gav oss eit godt og nært fellesskap.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og med ulike arrangement. Oktober er månaden me har ekstra fokus på sorg. I samarbeid med dei andre kyrkjelydane, arrangerte me ein felles sorgkveld for pårøyrande. Eli Landro heldt foredrag om

temaet "Korleis vere ein god ven for nokon som er i sorg?" I forkant av Allehelgensgudstenesta, hadde me stand på Ågotnes senter. Diakon og frivillig delte ut lys og faldaren «førstehjelp ved sorg». Det vart ei fin oppleving der me kom i kontakt med mange menneske. Alle pårøyrande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2021 var spesielt inviterte til Allehelgensgudstenesta. Me

las opp alle namna og tende lys for dei avdøde. Diakon og andre i staben har også hatt ein del samtalar/sjelesorg på kontor og på heimebesøk.

I slutten av 2022 fekk Landro sokn innvilga innovasjonsmidlar i diakoni frå Kyrkerådet. Prosjekt "God nok," som midlane skal brukast til, startar opp i januar-2023. Dette er eit prosjekt med fokus på psykisk helse inn mot 6. og 7. trinn på skulen i nærmiljøet.

Diakonen har etablert eit samarbeid med Landro skule som skal vera hovudsamarbeidspartnar i "God nok" prosjektet. Kontaktetablering med andre frivillige og

kommunale etatar er i startfasen, og ønsket framover er å utvida kontakt og samarbeid med ulike aktørar i lokalsamfunnet. Dette er viktig for å kunna møte menneske og behova deira i ei tid der både kyrkje og samfunn er i endring.

Februar 2022 blei prosjektet VEKST sett i gong og blir leidd av Maria Wergeland. Prosjektet har som mål å styrkja mangfaldet i kyrkja, samskape med andre og verna skaparverket. Noko av det som har vekse fram av prosjektet er ute-torsdag som er ein lågterskel møteplass ute for alle aldrar med bålkos, fellesskap, ulike vekstprosjekt og kunnskapsdeling. Vår og haust 2022 har det vore 17 samlingar ute i kyrkjehagen.

Hausten 2022 vart det skipa generasjonskveldar som frivillige og VEKST har samarbeidd om. Tema for samlingane denne hausten har vore Brettspel og pizza-kveld, lefsebakekurs

og kranseverkstad. Det har vore godt oppmøte på samlingane. Me erfarer at gjennom lågterskeltilbod som VEKST og generasjonskveldar knyter me nokre nye kontaktar og samlar nokon andre og nye menneske som ikkje har vore så mykje i kyrkja før.



ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Eline Olsen

Kantor

Konsertar

- **12.03:** Konsert på basar i Landro kyrkje med Landro barne- og tweens-/teenskor.
- **27.03:** Jazzgudsteneste i Landro kyrkje. Konsert kombinert med gudsteneste. Medverkande: Anne Kristine Wallace Turøy: Trompet, Rune Landro: sax, Torleiv Jarland: trombone. Eline Olsen: piano, Erlend Gjøyen: Bass, Odd Magne Johansen: trommer. Forsanger: Laila Linde Lossius
- **20.04:** Salmekveld/konsert i Landro kyrkje med Landro Vokal pluss band. Tema: «Nordiske salmediktatar» Medverkande: Anita Leganger: sopran, Laila Linde Lossius: sopran/alt, Bodil Lee Øksnes Espedahl: alt/sopran, Esther Einarsen: alt/sopran, Eivind Kausland Lie: Tenor, Lars Erik Lotsberg: Tenor, Øyvind Heggholmen: Bass. Band: Eline Olsen: piano, Erlend Gjøyen: bass, Anne Kristine Wallace Turøy: Trompet/Flygelhorn. Lyd: Håvard Bredholt
- **31.05:** Sommarkonsert med Fjell barnekor og Landro barne- og tweens-/teenskor i Fjell kyrkje.
- **16.09:** Åpningskonsert for Øygarden kyrkjemusikkfestival i Fjell kyrkje, med alle kantorane. Medverkande frå Landro kyrkje: Eline Olsen
- **21.09:** Konsert i Landro kyrkje med Ole Amund Gjersvik: kontrabass, og Tore Hegdahl: flygel.

- **02.10:** Storkonsert i Grieghallen med Zing Zang. Medverkande: 3 born frå Landro barnekor, pluss kantor.
- **11.12:** Vi syng jula inn i Landro kyrkje. Medverkande: Landro barne- og tweens-/teenskor, Sotra Reviderte, songarar frå Landro Vokal og Øygarden kyrkjebrass. Sangsolistar: Esther Einarsen, Bodil Lee Øksnes Espedahl. Blåsesolistar: Elisabeth Breistein Leganger: trompet, Rune Landro: sax. Band: Erlend Gjøyen: bass, Odd Magne Johansen: Trommer, Piano: Eline Olsen. Lyd: Petter Rong
- **16.12:** Internkonsert i Landro kyrkje med Fjell kulturskule ved Bertha Myklemyr. (Utleigekonsert)

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenesta følgjer vanlegvis ein mal der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel og piano, nokre gangar blåsarar, og med forsongarar på fleire av gudstenestane.

Vi har i 2022 hatt musikkinnslag i gudstenester og konsertar med følgjande musikalske aktørar:

Landro barne- og tweens-/teenskor:

- 20.02 Familiegudsteneste med fastelavenstema
- 10.03: Familiegudsteneste på Palmesøndag
- 20.04: Salmekveld: «Nordiske salmediktatar»- Kun teensene detok
- 31.05: Avslutningskonsert i Fjell kyrkje
- 12.06: Gudsteneste med sommarfest i Landro kyrkje
- 04.09: T-4 gudsteneste





- 02.10: Storkonsert i Grieghallen – 3 born fra Landro barnekor var med.
- 23.10: Hausttakkefest-gudsteneste
- 27.11: Familiogudsteneste og T3 1. søndag i advent
- 11.12: Vi syng jula inn

Landro vokal

- 20.04: Salmekveld: «Nordiske salmediktarar»
- 12.06: Gudsteneste med sommarfest i Landro kyrkje
- 11.12: Vi syng jula inn

Forsongarar: Elisabeth Breistein Leganger, Kristine Gjøen Angeltveit, Laila Linde Lossius, Bodil Lee Øksnes Espedahl, Esther Einarsen, Eivind Kausland Lie, Lars Erik Lotsberg, Øyvind Heggholmen.

Desse forsongarane har vore med og bidrege på fleire gudstenester, i tillegg til fleire av dei nevnte konsertane.

Blåsarar: Rune Landro: sax, Elisabeth Breistein Leganger: kornett/trompet, Anne Kristine Wallace Turøy: trompet/flygelhorn, Bente Dyrøy: kornett, Camilla Olsen Kaland: Baryton/Eufonium, Torleiv Jarland: trombone.

Desse blåsarane har vore med på fleire gudstenester, og nokra av dei nevnte konsertane. Camilla Olsen Kaland var med 1. juledag

Solistar frå Samarbeidskorpset Sotra Vest/Ulveset:

Ingrid Angela Eide: Kornett/Trompet, Elisabeth Breistein Leganger: Kornett/Trompet, Andrea Hitsøy: Trombone, Silje Mork: Eufonium, Kaja Solfell: Tuba

Desse blåsarane var med på første gudstenesten julaftan.

Øygarden kyrkjebrass ved Olav Sørheim: har vore med på ein gudsteneste i Landro kyrkje 13.11, og på «Vi syng jula inn» 11.12

Sotra Reviderte ved Olav Sørheim: var med på Vi syng jula inn i Landro kyrkje 11.12.

Komp: Thomas Lossius (bass), Erlend Gjøen: (bass), Kjartan Fjordheim (trommer), Odd Magne Johansen (trommer). Komp-folka har vore med på enkelte gudstenester, og nokre av konsertane.

Barne- og teenskorarbeid:

I Landro barnekor er det 10-17 barn frå 6 år til og med 4 klasse. Koret samarbeider tett med Landro Tweens/-Teenskor, som i 2022 talde 6 jenter.

Tweens blir rekna frå 4./5. klasse tom. 7. klasse. Frå 8. klasse og oppover blir dei kalla teens.

Alle kora øver kvar tysdag.

Barnekoret øver frå 17.30 til 18.25, tweensjentene øver fra 18.00 til 19.00, og teensjentene øver frå 18.35 til 19.30, nokre gonger til 20.00.

Kantor Eline Olsen er dirigent, pianist og hovudleiar for kora. Eivind Kausland Lie hjelper til sosialt og med andakt annakvar veke, Cecilie Borsholm Vik og Kari Fjeldstad hjelper til sosial og med andakt dei resterande tysdagane.

Bodil Lee Øksnes Espedahl er ofte dirigent for barnekoret ved opptreden.

7. juni hadde vi koseavslutning i Landro kyrkje med rebusløp, song, adjektivleik, andakt og kahoot.

Landro vokal

Koret består av: Anita Breistein Leganger, Kristine Gjøen Angeltveit, Laila Linde Lossius, Bodil Lee Øksnes Espedahl, Esther Einarsen, Eivind Kausland Lie, Lars Erik Lotsberg, Øyvind Heggholmen og Jarl Heggernes. Koret syng salmer og songar i «Bedehus-stil», og i pop-/gospel-/jazz- og latin stil.

Vi øver prosjektbasert mot konsertar der koret skal være med.

Medarbeidarane i Landro sokneteamb:

| Medarbeidar | Stilling |
|-------------------------|--|
| Bjarte Nese | Sokneprest |
| Rannveig Vestbøstad Vik | Soknetamleiar og leiar av seksjon for barn og unge |
| Eline Olsen | Kantor |
| Line Steinsland Mosnes | Administrasjonskonsulent |
| Kari Bruke-Romarheim | Trusopplæringsleiar |
| Eivind Kausland Lie | Kyrkjelydsarbeidar |
| Janesh Ameyna | Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar |
| Vegard Lynglund | Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar |
| Maria Wergeland | Diakonimedarbeidar |
| Torunn Nateland Utvær | Diakon / ungdomsarbeidar |

Årsrekneskap for Landro sokneråd 2022

Inntekter og utgifter ligg godt over det som var budsjettert for året. Soknerådet går ut samla sett med eit overskot på kr 4747.

Landro sokneråd har hatt kr 257 325 i utgifter og kr 318 665 i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar (kr 209) og avsetjingar til fond på kr 61 340. Landro sokneråd set av kr 56 802 til fond Barn/ungdom/familie, fond misjonsprosjekt og fond basar. Etter dette er det eit overskot på kr 4 747 som kan setjast inn på soknerådet sitt disposisjonsfond.

Landro sokn fekk kr 17 000 i midlar til prosjekt Vekst i 2022. Desse vart brukt opp på fleire gode aktivitetar.

Landro sokn hadde ei overskot på Basarinntekter på kr 38 960. Dette vert sett av til eit eige Basarfond.

Det vart samla inn kr. 38 250 på fast gjevarteneste som mellom anna gjekk til Barnekor, ungdomsarbeid, Landroklubben og Landro søndagsskule.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Landro sokneråd på mange ulike måtar i 2022.

